

Skoleeiers sluttrapportering av FYR-satsingen 2014-2016

Svar - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Status: Innsendt til Utdanningsdirektoratet.
Trenger ikke bekreftes. Innsendt av: sissel.espe@sfj.no

Innsendt av: Sissel Espe
Innsenders e-post: sissel.espe@sfj.no
Innsendt dato: 05.02.2017
Hvilken fylkeskommune?: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Stilling: Fylkeskommune (Offentlig)
Rådgjever

✓ Jeg bekrefter at dette svaret er på vegne av hele oppgitte fylkeskommune.

Skoleeiers sluttrapportering av FYR-satsingen 2014-2016

1. Skolenes arbeid med FYR

1. Spørsmål: Hva gjør skolene mer av nå enn de gjorde før FYR-arbeidet startet?

Kommentar

Skulane har meir samarbeid mellom programfaglærarar og fellesfaglærarar enn før FYR-arbeidet starta. Dei fleste programfaglærarane har laga årshjul, som er utgangspunktet for å få til samarbeid med fellesfaglærarane. Programfaglærarane er premissleverandør for å setje dagsorden for tema. Det har vore meir kontakt mellom programfaglærarar og fellesfaglærarar, meir deling av planar og betre samkøying av felles opplegg. FYR-arbeidet er oftare tema på planleggingsdagar gjennom skuleåret. Gjerne med «dei gode døma». Fleire fag- og programfaglærarar er meir medvitne på FYR og samarbeid på tvers av fag.

1. Spørsmål: Hva gjør skolene annerledes nå enn før FYR-arbeidet startet?

Kommentar

Det er meir samhandling mellom programfaglærarar og mellom program- og fellesfaglærarar no enn tidlegare.

Programfaglærarar og fellesfaglærarar samordnar tema som skal yrkesrettast og implementerer FYR-arbeidet i klassane sine årsplanar. Felles skolering av fellesfaglærarar og programfaglærarar har ført til at det er sett av meir tid på planleggingsdagar til samarbeid. Dei lærarane som har fått skolering, er meir synlege som ressurspersonar på einskilde skular.

1. Spørsmål: Hva har vært suksessfaktorene for FYR-arbeidet på skolene?

Kommentar

Frå rektor ved knutepunktskulen:

Dei viktigaste suksessfaktorane fylkesdirektøren har sett er:

- når heile skulen med leiing, mellomleiarar og lærarar har bestemt seg for å satse på dette
- når program- og fellesfaglærarar har konkretisert eit tverrfagleg FYR-opplegg saman
- at felles arbeidsrom for programfag- og fellesfaglærarar på same utdanningsprogram styrkar samarbeidet
- når lærarane har refleksjonsmøte der eigen praksis i klasserommet er tema
- når det er planleggingsmøte med auka læring og varierte metodar som tema
- når det er skulebasert kompetanseheving i lesing og skrivning sett i samanheng med FYR
- når det er tett oppfølging på alle nivå
- at delingskulturen har blitt betre
- dei som har satsa på små, men jamnlege FYR-arbeid kontra store tverrfaglege prosjekt

1. Spørsmål: Hva har vært de største utfordringene for skolene?

Kommentar

Dei største utfordringane på skulane har vore:

- å få utvikle ein kollektiv læringskultur
- å få leiinga til å sjå FYR-satsinga i samanheng med alle andre satsinger- å få på dagsorden kva undervisning som fører til auka læring
- å få sett av tid til samarbeid og refleksjon i konkurranse med andre satsingar

- å få lærarane til å lære å lære av kvarandre
- å få tid til samarbeid med kollegaer, og finne arenaer for diskusjon/planlegging av FYR-prosjekt
- å finne nok tid til grundig samarbeid og evaluering
- å ha faste møtearenaer for samarbeid
- for mykje ad-hock opplegg- ikkje kontinuerleg satsing på FYR og relevant undervisning

2. Fylkeskommunens arbeid med FYR

2. Spørsmål: Beskrive forankringen av FYR når det gjelder prosjektledelse og planverk i Fylkeskommunen.

Kommentar

Fylkesdirektøren for opplæring legg stor vekt på at tiltak som er sett i verk i skule og bedrift, ikkje skal vere ad-hoc tiltak, men tiltak som etter kvart blir ein naturleg del av det pedagogiske og/eller administrative arbeidet. Dette fordrar at fylkesdirektøren følgjer opp og vurderer utviklingsarbeidet saman med dei som utøver oppgåvene, og at nye tiltak ikkje blir sett i verk før eksisterande er implementert.

Prosjektstillingane, generert av FYR og Program for betre gjennomføring, har gjort det mogleg for fylkesdirektøren å ha så høg grad av frekvens i praksisfeltet, og tilbakemeldingane har vore svært positive. Dei ulike einingane seier dei opplever fylkesdirektøren som ein jambyrdig støttespelar mot felles målsetjing; at elevane skal trivast, oppleve meistring og gjennomføre vidaregåande opplæring.

Sogn og Fjordane er iferd med å lage nytt mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring. Mandatet frå politikarane er å setje mål- og utvikle strategiar for sektoren på tre område: leing, fag- og yrkesopplæring og undervisning. Gjennom arbeidet med det tilhøyrande [handlingsprogrammet](#) skal FYR-metodikken eller arbeidet med relevant undervisning ivaretakast.

2. Spørsmål: Redegjøre og reflektere rundt måloppnåelse og kritiske suksessfaktorer på bakgrunn av tilsendt statistikk og eventuelt andre data dere finner relevante.

Kommentar

Sogn og Fjordane har god gjennomføring på meir enn normert tid. Tala for normert tid ligg under nasjonalt nivå på fleire utdanningsprogramma. Utdanningsprogram for elektrofag utmerkar seg særskilt. Ein av grunnane er at mange av elevane går over på påbygg etter vg2.

Sogn og Fjordane har det siste året hatt ein stor framgang på gjennomføring, eit resultat over landssnittet, både samla og når vi skil mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette er elevar som fullfører og består innan fem år etter oppstart i vidaregåande opplæring, sett i høve til landssnittet (2010-kullet).

Læringsresultata viser at vi har dei største utfordringane i faga matematikk og engelsk på yrkesfag. Tilbakemelding frå elevar seier oss framleis at undervisninga er for lite variert, og at samhandlinga mellom programfagslærarar og fellesfaglærarar kan bli betre.

Vedlagt finn de statistikk på fullført og bestått ut av vg2 yrkesfag. Resultata viser at fleire elevar kvalifiserer seg i skule.

2. Spørsmål: Vurdere skolenes utbytte av den samlede skoleringen i FYR-prosjektet. Hva vurderer fylket som suksessfaktorer og forbedringspunkter i denne FYR-skoleringen?

Kommentar

Fylkesdirektøren har i FYR- satsinga hatt stor merksemd på at FYR skal vere ein del av undervisninga i alle fag på alle programområde. Målet er at elevane skal sjå samanhengen mellom fellesfaga og programfaga, og oppleve at undervisninga er nyttig og relevant både i notid og i framtid. Såleis har prosjektleiar for FYR delteke på rektorsamlingar og profilert FYR-arbeidet i mange møte. Utfordringane i å få det forankra på skulane ligg i møtестruktur, felles satsing frå leiargruppa i konkurranse med andre satsingar, og få lærarane til å sjå nytten av yrkesretting og relevans.

Suksessfaktoren ligg i at lærarane har sett meining med samlingane og fått med seg verktøy heim til å ta rett i bruk i klasserommet. I tillegg har den siste delen av FYR-samlingane med både leiarar og lærarar på skolering, sett meir fart i arbeidet ute på skulane. Det er viktig at leiarar og lærarar har same utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring når dei skal få heile skulen med i arbeidet.

Ein stor fordel har vore at samlingane har vore felles for både fellesfag- og programfaglærarar.

Vidare satsing på Fyr må vere skulebasert- der kvar skule arbeider kollektivt med kva som er relevant og god undervisning for både elevar på yrkesfag og studiespesialiserande. Leiinga må ha klare forventningar på at dette skal skje på heile skulen og hos kvar einskild lærar.

Skal dette skje må pedagogisk utviklingsarbeid settast i system på kvar skule der mellomleiarane har ei sentral rolle med forventningar til sine avdelingar om ei kollektiv vidareutvikling av praksisen i og mellom klasserom og verkstad.

2. Spørsmål: Gjøre rede for fylkets plan for videreføring/oppfølging av FYR etter 2016.

Kommentar

Fylkesdirektøren for opplæring har som mål at FYR-satsinga blir ein integrert del av opplæringa vidare. Relevant opplæring sett i samheng med arbeidet med grunnleggande ferdigheiter og vurdering for læring er sentrale satsingar framover. Desse tre områda heng nøye saman for å få til ei tilpassa opplæring.

Fylkesdirektøren for opplæring legg stor vekt på å styrke elevane sine grunnleggande ferdigheiter, og har sett krav om at kompetansemidlar skal nyttast til kompetanseheving av heile personalet i minst ein grunnleggande ferdigheit. Fleire skular har prioritert lesing og/eller skriving, medan ein skule har digital kompetanse som utviklingsområde.

Fylkesdirektøren deltek på planleggingsmøter på dagar der satsingsområdet er tema. Grunnleggande ferdigheiter er integrert i læreplanen på faga sine premisser og såleis ein del av arbeidet med å yrkesrette. FYR skal vere ein sjølvstøtt del av undervisninga i alle fag på alle programområde slik at elevane ser samanhengen mellom fellesfaga og programfaga.

2. Spørsmål: Gjøre rede for hvordan denne rapporteringen er behandlet i Fylkeskommunen.

Kommentar

Rapporten vert lagt fram for politisk handsaming/orientering for hovudutval for opplæring 16.02.2017

2. Spørsmål: Gjøre rede for økonomien ved å legge ved godkjent regnskap.

Kommentar

Sjå vedlagt økonomirapport.

Vedlegg

- [Økonomirapport for Fyr.docx](#)

2. Spørsmål: Her kan du eventuelt laste opp andre relevante dokumenter eller vedlegg.

Kommentar

Vi hadde vanskar med å kopiere inn tabellar i denne malen, difor har vi vedlagt info om gjennomføring.

I tillegg er vedlagt rapport frå prosjektet Program for auka gjennomføring(PBG)

Vedlegg

- [GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING 2016-vedlegg Fyr-rapport.docx](#)